



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak 7: Ny barnehage på Slåtten



Innhold

Tiltak 7 barnehage: Ny barnehage på Slåtten	4
Beskriving av tiltak	4
Geografi	5
Demografi.....	6
Kapasitet	9
Kapasitet arealplassar.....	9
Kapasitet i dagens kommunale barnehagar dersom dei blir nytta fullt ut	13
Kapasitet i private barnehagar dersom dei blir nytta fullt ut.....	15
Bygge 4 avdelingar på Slåtten.....	15
Kapasitet i ny barnehage med 4 avdelingar	15
Bygge 6 avdelingar på Slåtten.....	16
Kapasitet i ny barnehage med 6 avdelingar	16
Kombinasjon av barnehagar som kan bli erstatta med ny barnehage på Slåtten	17
Potensielle kombinasjoner.....	17
Bygge barnehage med 4 avdelingar med 9/18 barn per avdeling	17
Bygge barnehage med 4 avdelingar med 12/24 barn per avdeling	17
Bygge barnehage med 6 avdelingar med 9/18 barn per avdeling	18
Bygge barnehage med 6 avdelingar med 12/24 barn per avdeling	19
Renovering av eksisterande barnehagar	20
Kostnad for barnehagar som har vore renoveret og bygd på	20
Konsekvensar	21
Økonomisk effekt.....	21
Drift av ny barnehage	22
Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 4 avdelingar med 9/18 per avdeling	22
Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 4 avdelingar med 12/24 per avdeling.....	23
Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 6 avdelingar med 9/18 per avdeling	24
Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 6 avdelingar med 12/24 per avdeling.....	24
Verdi av tomtene	26
Tusenfryd barnehage	26
Hatlehaguen barnehage.....	26
Vieåsen barnehage	27

Solsida barnehage avdeling Haugum	27
Slåttebakkane barnehage	28
Kalkyle til investering av barnehage på Slåtten.....	28
Bygge barnehage med 4 avdelingar 9/18 og 12/24	29
Bygge barnehage med 6 avdelingar 9/18 og 12/24	29
Konsekvensar for barna	30
Konsekvensar for tilsette	31
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	31
Andre konsekvensar.....	31
Effekt- og konsekvensmatrise	32
Konklusjon	33

Tiltak 7 barnehage: Ny barnehage på Slåtten

Start | 2027
Slutt

Beskriving av tiltak

Tiltaket handlar om å bygge ny barnehage på Slåtten som erstattar andre barnehagar i Førde sentrum. I tiltaket blir det sett på både å bygge 4 avdelingsbarnehage og 6- avdelingsbarnehage.

I politisk sak om plan for framtidig struktur av barnehagane i Sunnfjord kommune er det gjort eit vedtak om at Tusenfryd barnehage skal erstattast med ny barnehage i Slåtten skulekrins.

I kommunestyret 16.02.2023 i sak [003/23](#) Plan for framtidig struktur av barnehagane i Sunnfjord kommune blei følgande vedtak gjort om Tusenfryd barnehage:

- Tiltak 3:
 - Bygge inntil 6-avdelings barnehage i Slåtten skulekrins som erstattar Tusenfryd barnehage. Avdelingane vert organiserte som 18 barn/9 barn. Det er viktig at uteområdet vert godt tilrettelagt for variert leik og med trygg tilkomst, særleg med omsyn til parkeringsareal og auka trafikk.
 - Vi må få ei sak om felles kommunal norm for antall barn pr avdeling.

Tiltaket som blir vurdert er å bygge ny barnehage som erstattar fleire barnehagar i Førde sentrum eller å totalrenovere og bygge tilbygg til eksisterande barnehagar som har behov for ei oppgradering.

Barnehagar som blir vurdert er i prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

Tusenfryd, Hatlehaugen og Vieåsen barnehagar har den eldste bygningsmassen og har ikkje blitt renoveret sidan dei blei oppført. Det vil krevje større investeringar i renovering og tilbygg for å stette dagens krav til barnehageføremål med gode fasilitetar for barn og tilsette.

Haugum er renovert i nyare tid, men manglar nokre fasilitetar for tilsette spesielt. Barnehagen er plassert i ytterkant i sentrumskjerna.

Slåttebakkane barnehage er renovert i nyare tid, men manglar nokre fasilitetar for tilsette. Barnehagen er bygd over to plan og er ikkje universelt utforma innvendig. I tillegg er barnehagen bygd inn i terrenget som fører til at uteområdet består av bakke mellom plan 0 og 1. Uteområdet kan ikkje kompensere for manglande universell utforming innvendig i bygget.

Viser til vedlegg 18 til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet, [Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagen i dag](#), for å få meir informasjon om den enkelte barnehage og vurderingar som er gjort etter gitte kriterium.

Alle tomtene har potensiale til å bli nytta til anna føremål enn barnehage.


Tomta på Slåtten er kjøpt og tenkt til barnehageføremål.

Per i dag er det tilstrekkeleg kapasitet i Førde sentrum i eksisterande kommunale og private barnehagar. Kapasitetsutfordringa er ikkje drivar for å bygge ny barnehage. Det som må vurderast i tiltaket er om det er føremålstenleg å bygge ein ny barnehage kontra å renovere og bygge på eksisterande barnehagebygg.

Tiltaket blir lagt fram med to ulike senario:

- Bygge ny barnehage med 4 avdelingar med 9/18 eller 12/24
- Bygge ny barnehage med 6 avdelingar med 9/18 eller 12/24

Geografi




Illustrasjon 1: Kartutsnitt over barnehagane i Førde sentrum som er aktuelle for å bli erstatta av ny barnehage inkludert plassering av «nye Slåtten barnehage» (kartutsnittet ligg vedlagt i sin heilskap i sak).

Kartutsnittet syner kor barnehagane som blir vurdert erstatta med ein ny barnehage på Slåtten. Plassering av «nye Slåtten barnehage» er og tatt med i kartutsnittet.

Demografi

Framskrivingane av barnetalet i Sunnfjord kommune i aldersgruppa 1-5 år har ei negativ utvikling fram mot 2050, jf. kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Framskriving av tal fødde for heile Sunnfjord kommune fram til 2050 syner at det i gjennomsnitt blir født 227 per år.



Graf 1: Syner oversikt framskriving av tal fødde i perioden 2024-2050.

Uttrekket frå Norkart sin befolkningsanalyse 27.09.2024 syner kor mange som er busett innanfor skulekrinsane i Førde sentrum. Tala frå Norkart befolkningsanalyse viser kor mange i aldersgruppa 0-5 år som er busett per dags dato innanfor skulekrinsane Flatene, Førde barneskule, Slåtten skule og Sunde skule.

BUSSETTE I ALDERSGRUPPA 0-5 ÅR

■ Flatene ■ Førde bsk ■ Slåtten ■ Sunde



Graf 2: Syner oversikt over busette i skulekrinsane per 27.09.2024.

Samla for Førde sentrum er det busett i aldersgruppa 0-5 år som vist i tabellen under:

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Førde sentrum	96	133	135	140	132	159

Tabell 1: Syner oversikt over busette i aldersgruppa 0-5 år.

For dei barna som er i barnehagealder (2019-2023) er samla tal barn 699.

For å gi eit estimat på kor mange barn som vil vere i barnehagane dersom ny barnehage blir oppført i perioden mellom 2027-2030 er framskriving av tal fødde nytta som eit estimat. Talgrunnlaget vil vere usikre då vi ikkje har kjennskap til kor mange som blir født kvart år. For dei fleste åra vil det vere framskriving av tal fødde som er hovudvekta av talgrunnlaget.

Vi har ikkje tal fødde for eit avgrensa område, som Førde sentrum. For å gi eit estimat tal barn i perioden har vi sett på talgrunnlaget for dei åra vi kjenner.

Fordelinga er gjort slik basert på kjente tal:

År	Tal fødde i Sunnfjord kommune	Førde sentrum	Distrikta
2024	221	126	95
2025	225	130	95
2026	228	133	95
2027	228	133	95
2028	230	135	95
2029	231	136	95

Tabell 2: Syner fordelinga mellom tal fødde i Førde sentrum og distrikta.

Dersom ny barnehage blir oppført i perioden 2027-2030 blir dette det estimerte grunnlaget for kvart enkelt år. Vi har kjente tal fra Norkart for åra 2022 og 2023, elles er talgrunnlaget framskriving av tal fødde.

Ny barnehage blir oppført i 2027

Barna er født fra 2022-2026.

År	2026	2025	2024	2023	2022	Samla
Tal barn	133	130	126	133	135	657

Tabell 3: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Ny barnehage blir oppført i 2028

Barna er født fra 2023-2027.

År	2027	2026	2025	2024	2023	Samla
Tal barn	133	133	130	126	133	655

Tabell 4: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Ny barnehage blir oppført i 2029

Barna er født fra 2024-2028.

År	2028	2027	2026	2025	2024	Samla
Tal barn	135	133	133	130	126	657

Tabell 5: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Ny barnehage blir oppført i 2030

Barna er født frå 2024-2029.

År	2029	2028	2027	2026	2025	Samla
Tal barn	136	135	133	133	130	667

Tabell 6: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Talgrunnlaget er om lag på same nivå for alle 4 åra med ein differanse på 10 barn. Samanlikna med kjente tal i dag blir det om lag 30-40 barn færre i barnehagesektoren i denne perioden.

Kapasitet

Det er tilstrekkeleg kapasitet i eksisterande barnehagar både i kommunale og private barnehagar for å dekke framtida sitt behov.

Kapasitet arealplassar


Det er henta ut nye oppdaterte tal for å sjå på kapasiteten i barnehagane i Førde sentrum etter at kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet blei vedteke i kommunestyret 26.09.2024. Uttrekket er frå 27.09.2024. og gjeld for barnehageåret 2024/2025.

I denne framstillinga er det ikkje tatt omsyn til bemanningsnorma i den enkelte barnehage (tilsette i dag) eller om det er forsvarleg pedagogisk å utnytte arealplassane maksimalt. Dette er ei matematisk framstilling og kapasiteten er lågare ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.

Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum for 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte kommunale barnehage for barnehageåret 2024/2025.


Ut frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei kommunale barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 3: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar


Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Halbrend	54	79,8	60	19,8
Hatlehaugen	39	57,1	43,7	13,4
Nærleiken	61	135,1	69,3	65,8
Slåtterbakkane	30	49,8	34	15,8
Solsida avd. Haugum	33	55,3	36,7	18,7

Solsida avd. Toene				
Sunde				
Tusenfryd				
Vie				
Vieåsen				
Ytre Hafstad				

Tabell 7: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Samla kapasitet i dei kommunale barnehagane


Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Samla				

Tabell 8: Syner oversikt over samla kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte private barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei private barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 4: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i private barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Prestebakken	54	78,8	61,2	17,6
Solvang	47	78,3	54,2	24,1
Viebøen	57	104	65,6	38,4

Tabell 9: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Samla kapasitet i dei private barnehagane

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Samla	158	261,1	180,9	80,1

Tabell 10: Syner oversikt over samla kapasitet i private barnehagar.

Kapasitet i dagens kommunale barnehagar dersom dei blir nytta fullt ut

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og oppholdsareal	Kapasitet arealplassar
Halbrend	54	359	79,8
Hatlehaugen	45	257	57,1
Nærleiken	81	608	135,1
Slåttebakkane	45	224	49,8
Solsida avd. Haugum	45	249	55,3
Solsida avd. Toene	54	306	68
Sunde	54	394	87,6
Tusenfryd	54	258	57,3

Vie	81	491	109,1
Vieåsen	54	347	77,1
Ytre Hafstad	54	443	98,4

Tabell 11: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar dersom dei er fulle.

Barnehagane nyttar heiltidsplassar som vist i første kolonne per i dag. Potensiale for kapasiteten i barnehagane ut frå arealplassar er noko høgare enn det vi nyttar i dag. Å nytte alle arealplassar i barnehagane er ikkje forsvarleg ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.

Samla for kommunale barnehagar ser tala slik ut:

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og opphaldsareal	Kapasitet arealplassar
Samla	621	3 936	874,7

Tabell 12: Syner samla oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar dersom dei blir nytta fullt ut

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og oppholdsareal	Kapasitet arealplassar
Prestebakken	66	315	78,8
Solvang	54	313	78,3
Viebøen	60	416	104
Samla	180	1 044	261

Tabell 13: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Bygge 4 avdelingar på Slåtten

Kapasitet i ny barnehage med 4 avdelingar

For å få eit estimat på kor mange det er plass til i ein ny barnehage med 4 avdelingar med plass til enten 9/18 barn per avdeling eller 12/24 plassar per avdeling er det tatt eit gjennomsnitt av godkjent leike- og oppholdsareal i eksisterande barnehagar vi har per i dag.

For å gi eit estimat på 4 avdelingar med plass til 9/18 barn er det tatt eit gjennomsnitt av godkjent leike- og oppholdsareal i barnehagane Halbrend, Solsida avdeling Toene, Tusenfryd, Vieåsen, Ytre Hafstad, Solvang og Viebøen.

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og oppholdsareal	Kapasitet arealplassar
4 avdelingar 9/18 barn	54	348,9	77,5

Tabell 14: Syner oversikt over potensiell kapasitet i bygget.

For å gi eit estimat på 4 avdelingar med plass til 12/24 barn er det tatt eit gjennomsnitt av godkjent leike- og oppholdsareal i barnehagane Langhaugane og Skei.

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og oppholdsareal	Kapasitet arealplassar
4 avdelingar 12/24 barn	72	442,8	98,4

Tabell 15: Syner oversikt over potensiell kapasitet i bygget.

Bygge 6 avdelingar på Slåtten

Kapasitet i ny barnehage med 6 avdelingar

For å få eit estimat på kor mange det er plass til i ein ny barnehage med 6 avdelingar med plass til enten 9/18 barn per avdeling eller 12/24 plassar per avdeling er det tatt eit gjennomsnitt av godkjent leike- og oppholdsareal i eksisterande barnehagar vi har per i dag.

For å gi eit estimat på 6 avdelingar med plass til 9/18 barn er det tatt eit gjennomsnitt av godkjent leike- og oppholdsareal i barnehagane Vie og Naustdal Idrettsbarnehage.

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og oppholdsareal	Kapasitet arealplassar
6 avdelingar 9/18 barn	81	501	118,4

Tabell 16: Syner oversikt over potensiell kapasitet i bygget.

For å gi eit estimat på 6 avdelingar med plass til 12/24 barn er det tatt eit gjennomsnitt av godkjent leike- og oppholdsareal i barnehagane Langhaugane og Sande.

Barnehage	Heiltidsplassar	Leike- og oppholdsareal	Kapasitet arealplassar
4 avdelingar 12/24 barn	108	698	165,2

Tabell 17: Syner oversikt over potensiell kapasitet i bygget.

Kombinasjon av barnehagar som kan bli erstatta med ny barnehage på Slåtten

For å gje eit bilet av kva som er mogeleg har vi nytta kjente tal frå innverande barnehageår 2024/2025 som utgangspunkt. Vi har per i dag ikkje sikre barnetal for perioden 2027-2030. Som vist under kapittelet om demografi er det nytta framskriving av tal fødde for å få ein oversikt over kva nivå barnetalet vil vere på desse åra. Barnetalet er mellom 655-667 barn for perioden, noko som ligg under dagens nivå.

Potensielle kombinasjonar

Bygge barnehage med 4 avdelingar med 9/18 barn per avdeling

Nedanfor er oversikt over kva kombinasjonar av barnehagar som er mogeleg å erstatta med ein 4 avdelingsbarnehage der det er plass til 9/18 barn per avdeling dersom godkjent leike og opphaldsareal er 348,9 m².

Alt.	Barnehagar	Barn	Behov for areal i m ²	Behov for arealplassar
1	Tusenfryd Hatilehaugen	68	345,0	76,7
2	Tusenfryd Solsida avdeling Haugum	62	313,5	69,7
3	Tusenfryd Slåttebakkane	59	301,5	67,0
4	Solsida avdeling Haugum Slåttebakkane	63	318,0	70,7

Tabell 18: Aktuelle kombinasjonar for 4 avdelingsbarnehage med 9/18.

Bygge barnehage med 4 avdelingar med 12/24 barn per avdeling

Nedanfor er oversikt over kva kombinasjonar av barnehagar som er mogeleg å erstatta med ein 4 avdelingsbarnehage der det er plass til 12/24 barn per avdeling dersom godkjent leike og opphaldsareal er 442,8 m².

Alt.	Barnehagar	Barn	Behov for areal i m ²	Behov for arealplassar
1	Tusenfryd Hatlehaugen	68	345,0	76,7
2	Tusenfryd Vieåsen	81	412,5	91,7
3	Tusenfryd Solsida avdeling Haugum	62	313,5	69,7
4	Tusenfryd Slåttebakkane	59	301,5	67,0
5	Hatlehaugen Solsida avdeling Haugum	72	361,5	80,3
6	Hatlehaugen Slåttebakkane	69	349,5	77,7
7	Vieåsen Solsida avdeling Haugum	85	429,0	95,3
8	Vieåsen Slåttebakkane	82	417,0	92,7
9	Solsida avdeling Haugum Slåttebakkane	63	318,0	70,7

Tabell 19: Aktuelle kombinasjonar for 4 avdelingsbarnehage med 12/24.

Bygge barnehage med 6 avdelingar med 9/18 barn per avdeling

Nedanfor er oversikt over kva kombinasjonar av barnehagar som er mogeleg å erstatte med ein 6 avdelingsbarnehage der det er plass til 9/18 barn per avdeling dersom godkjent leike og oppholdsareal er 501 m².

Alle kombinasjonar med 2 barnehagar er mogelege, i tabellen er det vist kva kombinasjonar som er mogeleg med 3 barnehagar.

Alt.	Barnehagar	Barn	Behov for areal i m ²	Behov for arealplassar
1	Tusenfryd Hatlehaugen Slåttebakkane	98	498,0	110,7
2	Tusenfryd Solsida avdeling Haugum Slåttebakkane	92	466,5	103,7

Tabell 20: Aktuelle kombinasjonar for 6 avdelingsbarnehage med 9/18.

Bygge barnehage med 6 avdelingar med 12/24 barn per avdeling

Nedanfor er ei oversikt over kva kombinasjonar av barnehagar som er mogeleg å erstatte med ein 6 avdelingsbarnehage der det er plass til 12/24 barn per avdeling dersom godkjent leike og oppholdsareal er 698 m².

Alle kombinasjonar med 2 barnehagar er mogelege, i tabellen er det vist kva kombinasjonar som er mogeleg med 3 barnehagar.

Alt.	Barnehagar	Barn	Behov for areal i m ²	Behov for arealplassar
1	Tusenfryd Hatlehaugen Vieåsen	120	609,0	135,3
2	Tusenfryd Hatlehaugen Solsida avdeling Haugum	101	510,0	113,3
3	Tusenfryd Hatlehaugen Slåttebakkane	98	498,0	110,7
4	Tusenfryd Vieåsen Solsida avdeling Haugum	114	577,5	128,3
5	Vieåsen Slåttebakkane	111	565,5	125,7
6	Tusenfryd Solsida avdeling Haugum Slåttebakkane	92	466,5	103,7
7	Hatlehaugen Vieåsen Solsida avdeling Haugum	124	625,5	139,3
8	Hatlehaugen Vieåsen Slåttebakkane	121	613,5	136,3
9	Hatlehaugen Solsida avdeling Haugum Slåttebakkane	102	514,5	114,3
10	Vieåsen Solsida avdeling Haugum Slåttebakkane	115	582,0	129,3

Tabell 21: Aktuelle kombinasjonar for 6 avdelingsbarnehage med 12/24.

Renovering av eksisterande barnehagar

Eit alternativ til å bygge ny barnehage på Slåtten kan vere å renovere eksisterande barnehagar. Før det blir vurdert renovering av eksisterande barnehagar bør det gjennomførast ein tilstandsrapport for aktuelle barnehagar for å få oversikt over tilstanden til bygget for å få oversikt over vedlikehaldsbehovet. Fleire av dei aktuelle barnehagane vil truleg ha behov for tilbygg for å få betre fasilitetar for tilsette.

Ei renovering må sikre at det er tilstrekkeleg oppgradering og utviding for å stette dagens behov for å få ein funksjonell barnehage for barn og tilsette.

For å få meir detaljar om barnehagane som blir nemnt i saka blir det vist til [vedlegg 18 – Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagane i dag](#) til Kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Kostnadar for barnehagar som har vore renoverert og bygd på

For å samanlikne å bygge ny barnehage på Slåtten eller å renovere eksisterande bygningsmasse har vi sett på nokre av prosjekta som har vore gjennomført dei ti siste åra. Alle beløpa i tabellen er i 1000 kroner. I tabellen er det sett opp kva den reelle kostnaden var det året renovering og tilbygg blei gjennomført og beløpet er konsumjustert til 2023 nivå.

År	Barnehage	Tiltak	Kostnad ved oppføring	Kostnad i 2023
2015	Lunden	Renovering av eksisterande bygningsmasse	35 029	45 397
2017	Bygstad	Bygde 2 avdelingar og administrasjon til eksisterande bygningsmasse	22 100	27 148
2015	Solsida avdeling Haugum	Renovering av eksisterande bygningsmasse	13 962	18 100
2016	Slåttebakkane	Renovering av eksisterande bygningsmasse	6 500	8 131

Tabell 22: Kostnadar for renovering og tilbygg, beløp er i 1000.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Dette tiltaket trer tidlegast i kraft hausten 2027. Vi har per i dag ikkje sikre tal for kor mange barn som har bruk for eit barnehagetilbod. Talgrunnlaget som ligg i tabellen er basert på kjente tal. Innsparingspotensialet er sett opp mot budsjetttramma for 2025 til barnehagane som er foreslått i dei ulike alternativa. I denne tabellen er det alternativet med størst potensiale for å effektivisere drifta, med dei premissane som ligg i dokumentet, trekt fram. Nedanfor er det fleire ulike alternativ med innsparingspotensiale.

Storleik ny barnehage	Alt.	Barnehage	Innsparingspotensiale
4 avdelingar 9/18	1	Tusenfryd Hatlehaugen	7 001
4 avdelingar 12/24	2	Tusenfryd Vieåsen	6 277
6 avdelingar 9/18	1	Tusenfryd Hatlehaugen Slåttabakkane	9 292
6 avdelingar 12/24	1	Tusenfryd Hatlehaugen Vieåsen	7 455

Tabell 23: Tiltaka innanfor dei ulike storleikane på ny barnehage som gir mest effekt.

- For å få full heilårseffekt uavhengig av alternativa er det fleire vilkår som må slå inn:
- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarande overtalige i barnehagar som blir lagt ned etter at ny barnehage har bemanning og pedagogtettleik som stettar lovkrava.
- Redusere kostnadane til reinhald som er over behovet ny barnehage har bruk for.
- Redusere kostnadane til vaktmeister som er over behovet ny barnehage har bruk for.
- Sal av barnehagar for å fjerne kostnadene til tom bygningsmasse.
- Andre driftsutgifter på teneste 201 barnehage, 211 styrking av grunnbemanning og 221 barnehagelokale og skyss som ligg over nivået ny barnehage har bruk for.
- Barn som går i barnehagane vel ein anna kommunal barnehage.

Drift av ny barnehage

For å sjå kva som er mogeleg å spare er det sett på kva det vil koste å drifta ny barnehage. Premissane som ligg til grunn for kostnadane til drift er:

- Sjablong av tal heiltidsplassar
- Nytta «gamal ressursmodell» som utgangspunkt for årsverk til leiing
- Sjablong på 700 000 kroner i årsløn
- Kostnadene til barnehagelokale og skyss er aukande etter storleik på barnehagen basert på talmateriale vi kjenner
- Kostnadene til styrking er halde utanfor

Sjablong for heiltidsplassar som er nytta for å vurdere kostnadene er:

Storleik barnehage	Heiltidsplassar	Leiing i årsverk
4 avdelingar 8/18	54	1,5
4 avdelingar 12/24	72	1,8
6 avdelingar 9/18	78	2,0
6 avdelingar 12/24	108	2,5

Tabell 24: Tal som ligg til grunn for driftsnivå.

Driftsnivå

Teneste	4 avd. 9/18	4 avd. 12/24	6 avd. 9/18	6 avd. 12/24
Barnehage	9 612	12 676	14 234	18 874
Barnehagelokale og skyss	616	630	640	680
Samla kostndad	10 231	13 462	15 123	20 113

Tabell 25: Oversikt over driftskostnadene for dei ulike modellane (Beløp i heile 1000).

Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 4 avdelingar med 9/18 per avdeling

Potensiale for innsparing i tabellen er heilårseffekten (beløp i heile 1000 kr).

Alt.	Barnehagar	Budsjett 2025	Drift ny barnehage	Potensiale for innsparing
1	Tusenfryd Hatlehaugen Samla	9 403 7 829 17 232		
2	Tusenfryd	9 403 7 102	10 231	7 001

	Solsida avd. Haugum Samla	16 505	10 231	6 274
3	Tusenfryd Slåttebakkane Samla	9 403 7 183 16 586	10 231	6 355
4	Solsida avd. Haugum Slåttebakkane Samla	7 102 7 183 14 285	10 231	4 054

Tabell 26: Potensiale for innsparing.

Alternativ 1, å legge ned Tusenfryd barnehage og Hatlehaugen barnehage, og erstatte det med ein 4 avdelingsbarnehage med 9/18 barn gir mest effekt med 7 001 MNOK.

Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 4 avdelingar med 12/24 per avdeling

Potensiale for innsparing i tabellen er heilårseffekten (beløp i heile 1000 kr).

Alt.	Barnehagar	Budsjett 2025	Drift ny barnehage	Potensiale for innsparing
1	Tusenfryd Hatlehaugen Samla	9 403 7 829 17 232	13 642	3 770
2	Tusenfryd Vieåsen Samla	9 403 10 336 19 739	13 462	6 277
3	Tusenfryd Solsida avd. Haugum Samla	9 403 7 102 16 505	13 642	3 043
4	Tusenfryd Slåttebakkane Samla	9 403 7 183 16 586	13 642	3 124
5	Hatlehaugen Solsida avd. Haugum Samla	7 829 7 102 14 931	13 462	1 469
6	Hatlehaugen Slåttebakkane Samla	7 829 7 183 15 012	13 642	1 550
7	Vieåsen	10 336		

	Solsida avd. Haugum Samla	7 102 17 438	 13 462	 3 976
8	Vieåsen Slåttebakkane Samla	10 336 7 183 17 519	 13 462	 4 057
9	Solsida avd. Haugum Slåttebakkane Samla	7 102 7 183 14 285	 13 462	 823

Tabell 27: Potensiale for innsparing.

Alternativ 2, å legge ned Tusenfryd barnehage og Vieåsen barnehage, og erstatte det med ein 4 avdelingsbarnehage med 12/24 barn gir mest effekt med 6 277 MNOK.

Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 6 avdelingar med 9/18 per avdeling

Potensiale for innsparing i tabellen er heilårseffekten (beløp i heile 1000 kr).

Alt.	Barnehagar	Budsjett 2025	Drift ny barnehage	Potensiale for innsparing
1	Tusenfryd Hatlehaugen Slåttebakkane Samla	9 403 7 829 7 183 17 232	 15 123	 9 292
2	Tusenfryd Solsida avd. Haugum Slåttebakkane Samla	9 403 7 102 7 183 19 739	 15 123	 8 565

Tabell 28: Potensiale for innsparing.

Alternativ 1, å legge ned Tusenfryd barnehage, Hatlehaugen barnehage og Slåttebakkane barnehage, og erstatte det med ein 6 avdelingsbarnehage med 9/18 barn gir mest effekt med 9 292 MNOK.

Potensiale for å redusere drifta ved å bygge 6 avdelingar med 12/24 per avdeling

Potensiale for innsparing i tabellen er heilårseffekten (beløp i hele 1000 kr).

Alt.	Barnehagar	Budsjett 2025	Drift ny barnehage	Potensiale for innsparing
1	Tusenfryd Hatlehaugen Vieåsen Samla	9 403 7 829 10 336 17 232	 20 113	 7 455
2	Tusenfryd Hatlehaugen Solsida avd. Haugum Samla	9 403 7 102 7 183 24 334	 20 113	 4 221
3	Tusenfryd Hatlehaugen Slåttebakkane Samla	9 403 7 829 7 183 24 415	 20 113	 4 302
4	Tusenfryd Vieåsen Solsida avd. Haugum Samla	9 403 10 336 7 102 26 841	 20 113	 6 728
5	Tusenfryd Vieåsen Slåttebakkane Samla	9 403 10 336 7 183 26 922	 20 113	 6 809
6	Tusenfryd Solsida avd. Haugum Slåttebakkane Samla	9 403 7 102 7 183 23 688	 20 113	 3 575
7	Hatlehaugen Vieåsen Solsida avd. Haugum Samla	7 829 10 336 7 102 25 267	 20 113	 5 154
8	Hatlehaugen Vieåsen Slåttebakkane Samla	7 829 10 336 7 183 25 348	 20 113	 5 235
9	Hatlehaugen Solsida avd. Haugum Slåttebakkane Samla	7 829 7 102 7 183 22 114	 20 113	 2 001
10	Vieåsen Solsida avd. Haugum	10 336 7 102 22 114	 20 113	 2 001

Slåttabakkane	7 183	20 113	4 508
Samla	24 621		

Tabell 29: Potensiale for innsparing.

Alternativ 1, å legge ned Tusenfryd barnehage, Hatlehaugen barnehage og Vieåsen barnehage, og erstatte det med ein 6 avdelingsbarnehage med 12/24 barn gir mest effekt med 7 455 MNOK.

Verdi av tomtene

I vurderinga av nettoverdien til tomtesal for dei ulike barnehagane er rivingskostnadar og omregulering til bustadmål inkludert i summen. Alle beløp er oppgitt i heile 1000 kr.

Tusenfryd barnehage



Tomta til Tusenfryd barnehage har 3 219 m² og ligg i tilknyting til eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Illustrasjon 2: Tomta til Tusenfryd barnehage

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtesal	7 900

Tabell 30: Nettoverdi på tomta til Tusenfryd barnehage.

Hatlehaugen barnehage



Tomta til Hatlehaugen barnehage har 4 900 m² og ligg i tilknyting til Vie barnehage og eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Illustrasjon 3: Tomta til Hatlehaugen barnehage

Verdi	Sum
--------------	------------

Nettoverdi av tomtesal	9 500
------------------------	-------

Tabell 31: Nettoverdi på tomta til Hatlehaugen barnehage.

Vieåsen barnehage



Tomta til Vieåsen barnehage har 3 624 m² og ligg i tilknyting til eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Illustrasjon 4: Tomta til Vieåsen barnehage

Verdi	Sum
--------------	------------

Nettoverdi av tomtesal	7 500
------------------------	-------

Tabell 32: Nettoverdi på tomta til Vieåsen barnehage.

Solsida barnehage avdeling Haugum



Tomta til Solsida barnehage avdeling Haugum har 2 483 m² og ligg i tilknyting til eksisterande bustadar.

Illustrasjon 5: Tomta til Solsida barnehage avdeling Haugum

Verdi	Sum
--------------	------------

Nettoverdi av tomtesal	2 700
------------------------	-------

Tabell 33: Nettoverdi på tomta til Solsida barnehage avdeling Haugum.

Slåttebakkane barnehage



Tomta til Slåttebakkane barnehage har 2 382 m² og ligg i tilknyting til eksisterande bustadar.

Illustrasjon 6: Tomta til Slåttebakkane barnehage

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtesal	1 900
Tabell 34: Nettoverdi på tomta til Slåttebakkane barnehage.	

Sal av tomtene kan bli nytta til investeringar i barnehagesektoren som å løyse uløyste utfordringar, bygge nye avdelingar til eksisterande barnehagar eller å bygge ny barnehage på Slåtten i framtida.

Kalkyle til investering av barnehage på Slåtten

Prosjekt 170169 Ny 4 avdeling barnehage Slåtten

Vedtak	Løyving eks mva	Løyving inkl. mva
KST-123/20 Årsbudsjett 2021	28 800	36 000
KST-109/23 Årsbudsjett 2024 oppattbudsjettering	0	-922
Ramme	28 800	35 078

Tabell 35: Ramme til investering.

Sal av tomt	Sum inkl. mva
Tusenfryd	-10 000
Ramme	35 078
Sum løyving inkludert sal av tomt	62 078

Tabell 36: Ramme inkludert sal av tomter.

Bygge barnehage med 4 avdelingar 9/18 og 12/24

Alle beløp er i 1000 kr

Kostnadspostar	9/18	12/24
Tal plassar	72	96
Bygg inkludert tekniske fag	28 620	38 160
Bygg og tekniske installasjonar		
Huskostnad		
Utomhusarbeid inkludert regulering		
Opparbeiding av uteareal	2 073	2 765
Leikeapparat og anna inventar	2 160	2 880
Regulering og riving	2 000	2 000
Entreprisekostnad	6 233	7 645
Generelle kostnadar		
Administrasjon, byggeleiing (5%)	1 743	2 290
Forsikring, gebyr m.m. (1%)	349	458
Byggekostnad	2 091	2 748
Spesielle kostnadar		
Meirverdiavgift (25%)	9 236	12 138
Finansieringskostnad (5%)	1 847	2 428
Tomtekjøp	11 000	11 000
Prosjektkostnad	22 083	25 566
Reserve og margin (5%)	2 401	3 156
Sum kalkyle	50 430	66 275
Ramme	45 078	45 078
Manglende finansiering	-5 352	-21 197

Tabell 37: Kalkyle og manglende finansiering.

Bygge barnehage med 6 avdelingar 9/18 og 12/24

Alle beløp er i 1000 kr

Kostnadspostar	9/18	12/24
Tal plassar	108	144
Bygg inkludert tekniske fag		
Bygg og tekniske installasjonar		
Huskostnad	42 930	57 240
Utomhusarbeid inkludert regulering		
Opparbeiding av uteareal	3 110	4 147
Leikeapparat og anna inventar	3 240	4 320
Regulering og riving	2 000	2 000
Entreprisekostnad	8 350	10 467
Generelle kostnadar		
Administrasjon, byggeleiing (5%)	2 564	3 385
Forsikring, gebyr m.m. (1%)	513	677
Byggekostnad	3 077	4 062
Spesielle kostnadar	13 589	17 942

Meirverdiavgift (25%)	2 718	3 588
Finansieringskostnad (5%)	11 000	11 000
Tomtekjøp	27 307	32 531
Prosjektkostnad		
Reserve og margin (5%)	3 533	4 665
Sum kalkyle	74 198	97 966
Ramme	45 078	45 078
Manglende finansiering	-29 120	-52 888

Tabell 38: Kalkyle og manglende finansiering.

I kalkylkane som ligg det grunn er det lagt inn sal av tomta til Tusenfryd barnehage. Nedanfor er ei oversikt over sal av dei andre tomtene som kan kompensere for manglende finansiering. Det er berre barnehagar som blir lagt ned som kan seljast, oversikta viser samla kompensasjon:

Sal av tomt	Sum
Hatlehaugen	9 500
Vieåsen	7 500
Solsida barnehage avdeling Haugum	2 700
Slåttebakkane	1 900
Samla	21 600

Tabell 39: Sal av tomter for å kompensere manglende finansiering.

Konsekvensar for barna

- Til fleire barnehagar som blir lagt ned til fleire barn har bruk for ny barnehageplass
- Ein premiss for å redusere konsekvensane for barna i barnehagar som blir lagt ned er at barna får søke om barnehageplass i ny barnehage før hovudopptaket for barnehageåret 2026/2027, kan velje ein barnehage i nærliken
- Barnehagetilbodet og innhald, grunnverdiar, regelverk, rammeplan og overordna planar for Sunnfjord kommune er det same i alle kommunale barnehagar
- Tilrettelegging og støttesystem vil vere det same tilbodet i andre barnehagar
- Fleire av barnehagane som er foreslått nedlagt har behov for større renovering og tilbygg i nær framtid for å stette krava og ha gode fasilitetar både for barn og tilsette

Konsekvensar for tilsette

- Samla for barnehagesektoren må tal tilsette reduserast tilsvarende årsverk som dei barnehagane som blir lagt ned
- Personalgruppa i barnehagane blir oppløyst som kollegagruppe og tilsette må etablere seg i nye arbeidsmiljø
- Dei tilsette blir mest truleg spreidd i fleire barnehagar
- Ny arbeidsplass og nye kollegaer kan gi nye impulsar, og dei tilsette blir ein del av eit nytt fagmiljø
- Det er mogeleg å auke pedagogtettleiken i barnehagar som ikkje stettar krava etter barnehagelova om pedagognorm
- Tilsette som må bytte arbeidsplass skal få mogelegheit til å søke seg til andre barnehagar. Det må vere ein god prosess slik at tilsette blir godt tatt i vare
- Det gir mogelegheiter og potensiale til å tenke nytt både for tilsette som kjem inn og dei som skal ta imot nye tilsette
- Med dagens situasjon der vi skal redusere kostnadane og overtalige i barnehagesektoren vil det i størst grad vere interne prosessar for tilsetting før det eventuelt blir lyst ut eksternt.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Vi vurderer at konsekvensane samla sett for lokalsamfunna er minimale ved å gjennomføre tiltaket.
- Det kan ha ein større konsekvens for Haugumområde om Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned. Fleire minoritetsspråklege familiar er busett i område og nyttar nærbarnehagen i dag.
- Det er fleire andre barnehagar i same område til barnehagar som blir lagt ned.
- Vi legg til grunn at nedlegging av ein barnehage i sentrum får mindre konsekvens enn nedlegging av barnehage i grend/tettstad i distrikta. Lokalsamfunnet i Førde sentrum blir ikkje vesentleg råka av tiltaket.

Andre konsekvensar

- Ei samanslåing kan føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse.
- Det er fritt barnehageval og foreldre kan sjølv velge kva barnehage dei ønsker barnet skal fullføre barnehagetida i. Dersom foreldre vel ein privat barnehage kan det auke tilskot til private barnehagar.

Effekt- og konsekvensmatrise

		Effekt og konsekvens				
		1	2	3	4	5
Konsekvens	1	1	2	3	4	5
	2	2	4	6	8	10
	3	3	6	9	12	15
	4	4	8	12	16	20
	5	5	10	15	20	25
		Effekt				
		1	2	3	4	5
		Låg				Høg

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

Barnehagestorleik	Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
4 avdelingar 9/18	5	4	20
4 avdelingar 12/24	5	4	20
6 avdelingar 9/18	5	4	20
6 avdelingar 12/24	5	4	20

Tabell 40: Vurdering av dei ulike storleikane av barnehagane.

Vurdering: Tiltaket er vurdert som grønt/gult/rødt

Vurdering

I effekt- og konsekvensmatrisa er alle alternativa plassert på grønt nivå, og på same verdi. Det som er tatt med i vurderingane er handlingsrom storleiken på barnehagen gir for framtidige tiltak, innsparingspotensiale og manglande finansiering.

Bygge 4 avdelingar med 9/18 barn:

Å bygge ein barnehage med 4 avdelingar med 9/18 barn per avdeling gir minst handlingsrom i framtida dersom det er føremålstenleg å legge ned fleire barnehagar i framtida. Innsparingspotensiale er det tredje største potensiale av dei 4 ulike storleikane som er skissert. Dette alternativet har minst behov for meir finansiering samanlikna med det som er sett av i investeringsbudsjettet og kalkylen.

Bygge 4 avdelingar med 12/24 barn:

Å bygge ein barnehage med 4 avdelingar med 12/24 barn per avdeling har noko meir handlingsrom i framtida dersom det er føremålstenleg å legge fleire barnehagar i framtida. Innsparingspotensiale er det med minst potensiale av dei 4 ulike storleikane som er skissert. Dette alternative har nest minst behov for meir finansiering samanlikna med det som er sett av i investeringsbudsjettet og kalkylen.

Bygge 6 avdelingar med 9/18 barn:

Å bygge ein barnehage med 6 avdelingar med 9/18 barn per avdeling har meir handlingsrom i framtida dersom det er føremålstenleg å legge ned fleire barnehagar i framtida. Skilnaden på storleiken mellom 4 avdelingar med 12/24 og 6 avdelingar med 9/18 er minimal. Innsparingspotensialet i dette alternativet har størst potensiale av dei 4 ulike alternativa som er skissert. Hovudårsaka til dette er at det er mogeleg å legge ned 3 av dei eksisterande barnehagane og drifta av ny barnehage er meir effektiv. Dette alternativet har nest størst behov for meir finansiering samanlikna med det som er sett av i investeringsbudsjettet og kalkylen.

Bygge 6 avdelingar med 12/24 barn:

Å bygge ein barnehage med 6 avdelingar med 12/24 barn per avdeling har mest handlingsrom i framtida dersom det er føremålstenleg å legge ned fleire barnehagar i framtida. Innvesteringspotensiale er det nest høgste potensiale av dei 4 ulike alternativa. Bakgrunnen for at dette alternativet ikkje er like stort potensiale som 6 avdelingar med 9/18 barnehagar er at det blir lagt ned like mange barnehagar i begge alternativa og det kostar meir å drifta barnehage av denne storleiken. Dette alternativet har størst behov for meir finansiering samanlikna med det som er sett av i investeringsbudsjettet og kalkylen.

Sal av tomter til eksisterande barnehagar kan kompensere for noko av den manglande finansieringa i dei ulike alternativa.

Konklusjon

Skal vi bygge ny barnehage på Slåtten må det vere for å erstatte fleire av eksisterande barnehagar i Førde sentrum. Det er ikkje behov for å bygge ein ny barnehage dersom ein samtidig ikkje legg ned barnehagar.

Barnetalet ut frå estimatet vi har per i dag vil bli redusert med 30-40 færre barn innan 2030 i barnehagesektoren. Det vil i framtida vere behov for færre barnehageplassar basert på framskrivingane.

Å bygge ny barnehage kan erstatte eldre barnehagar, alternativet til å bygge ny barnehage er å renovere med utviding til eksisterande barnehagar. Ei renovering må sikre at det er tilstrekkeleg oppgradering og utviding for å stette dagens behov for å få ein funksjonell barnehage for barn og tilsette.

Dei ulike alternativa til storleik har fordelar og ulemper:

Rangering av fordelane og ulempene (1-4, der 1 er best)

Storleik	Legge ned barnehagar	Handlingsrom	Innsparings-potensiale	Manglande finansiering	Samla rangering
4 avd. 9/18	Tusenfryd Hatlehaugen	4	3	1	8
4 avd. 12/24	Tusenfryd Vieåsen	3	4	2	9
6 avd. 9/18	Tusenfryd Hatlehaugen Slåttebakkane	2	1	3	6
6 avd. 12/24	Tusenfryd Hatlehaugen Vieåsen	1	2	4	7

Tabell 41: Rangering av dei ulike alternativa til storleik

Dersom barnehagar som er skissert i tabellen over blir lagt ned i andre tiltak må ein sjå på alternative løysingar som er skissert under potensielle kombinasjonar.

Å avklare i god tid om ein ønsker å bygge ny barnehage ved å erstatte eksisterande barnehagar framfor å renovere gir betre føresetnadar for å ha gode prosessar med etablering av ny barnehage for framtidige barn og tilsette.